

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 63/2005

Møtedato: 7.12.05

Arkiv nr:

Søknad om tilskot frå grunneigarfondet – sykkelplan

Fjellstyret deltek i eit samarbeid med Gomobu fjellstue, Nøsen fjellstue og Syndingstøga om utvikling av sykkeltilbodet.

Med kr 20.000 støtte frå fylkesmannen og eigenkapital på kr 32.000 fekk gruppa utarbeidd plan for vidare satsing på sykkelsturisme i Vestre Slidre vestfjell. Det vart søkt om midlar frå grunneigarfondet i 2006 til utarbeiding av tiltaksplan. Grunneigarfondet gav avslag på søknaden fordi det var planarbeid og ikkje tiltak.

Audun Støren har utarbeidd ei grundig tiltaksplan for dei neste tre år. Kostnader i 2006 er rekna til kr 146.300 og det blir søkt om kr 73.500 i tilskot frå grunneigarfondet.

Fjellstyret skal gi uttale til søknaden før vidare saksgang i Statskog og NFS.

Vedtak:

Fjellstyret ser arbeidet med tilrettelegging for sykkel som eit svært viktig tiltak for området og tilrår søknaden.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 8.12.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Sykkelgruppa v/Audun Støren